



Protokoll frå fellesrådsmøte 17. november 2021

Desse møtte: Ellen Brautaset Vatne (*leiar og repr. frå Ikornnes sokneråd*)
Torbjørn Støylen (*nestleiar og repr. frå Sykkylven sokneråd*)
Birgitte J.S. Bonesmo (*kommunal repr.*)
Therese Kristin Utgård (*repr. frå Sykkylven sokneråd*)
Bergljot Hjortdal (*repr. frå Ikornnes sokneråd*)
Svein Runde (*geistleg repr.*)
Arild Sporsheim (*kyrkjevevje/dagleg leiar*)

Forfall:

F-sak 21/21 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 22/21 Protokoll frå fellesrådsmøtet 9. september 2021

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 23/21 Gjennomgang av rekneskapet

Kyrkjevevjen orienterte om den økonomiske situasjonen pr. 31.10.2021, som viser eit meirforbruk på om lag kr. 50.000,-.

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesråd tok det til vitande.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 24/21 Konstituering

Det vart gjennomført skriftleg val av leiar og nestleiar, med verknad frå 01.12.2021. Skriftleg val jf. *Reglar om formene for menighetsråd og kirkelig fellesråds virksomhet §1* (www.lovdato.no).

Vedtak:

1. Val av leiar: Av 6 røyster gjekk alle 6 til Torbjørn Støylen.
2. Val av nestleiar: Av 6 stemmer gjekk alle 6 til Ellen Brautaset Vatne.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

F-sak 25/21 Møteplan for 2022

Rådet vart samde om at torsdagar kl. 15:00 er best dag og tidspunkt.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd planlegg 5 møter i år 2022 fordelt slik:

13.01.2022, 10.03.2022, 12.05.2022, 08.09.2022 og 17.11.2022.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 26/21 Høyring – Forslag til ny kyrkjeleg organisering

Fellesrådsleiarane og kyrkjevevjerne orienterte om ein brei prosess med 3 utvalsmøter der leiarane i alle 3 råda (*Magnar Vigstad - Ikornnes sokneråd, May Lisbeth Hovlid Aurdal - Sykkylven sokneråd og Ellen Brautaset Vatne - Sykkylven kyrkjelege Fellesråd*), eit par andre rådsmedlemmar og kyrkjevevjerne deltok på det første møtet. Det andre møtet bestod av Ellen, May Lisbeth og Arild, kyrkjevevjerne. Det tredje møtet var ved Ellen og May Lisbeth. Resultatet var eit utfyllande høyringsforslag, ført i penn av May Lisbeth.

Det vart satt av god tid i møtet til ein gjennomgang av høyringsforslaget.

Vedtak:

Med nokre tilføyningar og avstemmingar på enkeltspørsmål, vedtok Sykkylven kyrkjelege fellesråd det framlagte høyringsforslaget. Ellen Brautaset Vatne og Torbjørn Støylen fekk mandat til å gjere dei nødvendige justeringane og avgi høyringssvaret via <https://surveys.enalyzer.com?pid=dimb3n6f>.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

Orienteringssaker:

- *Personalsituasjonen*
- *Prioriteringsutval*
- *Hjartestartarar i/utanfor kyrkjene*

Neste møte: Torsdag 13. januar 2022 kl. 15:00.

Ref.:

Arild Sporsheim

Kyrkjevevje / Dagleg leiar

Sign.: _____

Leiar

Sign.: _____

Nestleiar

Postadresse:
Kyrkjevegen 24
6230 Sykkylven

Besøksadresse:
Kyrkjekontoret
Kyrkjevegen 24
6230 Sykkylven

Tlf.: 70 24 69 00 / 996 29 130
E-post: post@sykkylven.kyrkja / kyrkjevevje@sykkylven.kyrkja
Heimeside: www.sykkylven.kyrkja.no
Org. nr.: 976997298 Kontonr.: 4045.30.34315